



Den aktuelle strekningen er markert på dette luftbiletet.

24 underskrivarar har no sendt brev til kommunen der dei krev snarleg utbetring av den kommunale vegen på Kjerlandssido.

Dei skriv at det er ynskjeleg å få eit møte med kommunen snarast for å drøfta tiltak som kan betre trafikktryggleiken på den nedre del av denne vegen.

Grunneigar er villig til å gje vekk tomt til naudsynt utbetring av vegstrekningen ved avkøyrse til riksvegen.



Noko bør snart skje med den nedre del av kommunevegen, meiner mange oppsittarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei som bur i nedre del av Kjerlandssido og nyttar denne vegen dagleg har i dei seinare åra registrert ein stor auke i trafikken på strekningen.

Dei første 200 meter frå riksvegen er i dag svært smal og har dårleg sikt. På det smalaste er det ingen passasje for fotgjengar og bil mellom fjell og autovern/murkant mot elv.

Dette har ført til ei rekkje farlege situasjonar mellom køyretøy og mjuke trafikantar og det er berre eit tidsspørsmål før det skjer ei alvorleg ulukke.

Auken i farlege situasjonar skuldast i all hovudsak fleire fotgjengarar og større biltrafikk, held oppsittarane fram og nemner årsakar:

- * Nytt bustadfelt og ellers stor tilflytting av barnefamiljar i området. Det er framleis fem ledige tomter i feltet ovanfor vegen.
- * Ny barnehage - Dønhaug Gardsbarnehage.
- * Stor aktivitet i bedehuset
- * Arrangement i Dønhauglåven og -kjedlaren
- * Populær turveg
- * Stor auke i traktorkøyning

Dette er også skulevegen til barna i området og populær turveg for barnehagane og andre i bygda. Begge barnehagane nyttar vegen til utflukter i nærområdet.

Foreldre og andre er uroa for at det må skje ei ulukke før noko skjer med vegen, blir det streka under i brevet til kommunen.

Av Ola Matti Mathisen